

Floketjønn

Håvard Gibøen (1809-1873) på Møsstrand var ikkje fullt så vidgjeten spelemann som Møllarguten (1799/1801-1872), men han var den einaste jamaldringen Møllaren heldt like god som seg sjølv. Om sin gode ven Håvard, som han alltid nemnde som Havår, sa Møllaren: *"Ja, Havår e' nok mester åt kánn elle."*

Håvard var son av Knut Håvardson Gibøen og Aasne Gjuvland. Da Aasne og Knut dreiv Gibøen, var det høg velstand der på garden, og Håvard hadde slik ei fin og trygg oppvekst. Det låg ei fele på garden etter bestefar hans. Denne viste gutungen tidleg interesse for og sjølv om den gudlege bestemora prøva skremme honom med at det var Gygra si fele, synde Håvard tidleg at det budde ein meisterspelemann i honom.

Bråvaksen var han som spelemann, og i tidleg oppvekst blei han beden om å spela i bryllaup. I eit slikt stort lag var han den einaste spelemannen. Bryllaupsfolket ville danse tidt, og dei fylde honom med øl og brennevin slik at han blei stupfull. Håvard hadde sjølvsagt aldri drukke før, berre gutungen som han var, og skamdrakk seg så denne venda at han i heile resten av livet var veldig svak og utolig for alkohol. Håvard meinte sjølv at dette bryllaupet tok knekken på honom.

Tida kom da odelsguten sjølv måtte gifte seg, og faren hadde peika ut Mari Kjetilsdotter Eikja frå Bø for Håvard. Det var mange "utmannsjenter" som låg på sætrene der oppe og Mari var ei av desse. Ho hadde beite nære Gibøen og det gjekk gjetord om kor rik ho var. Mari viste også tidlege teikn på at ho var som besett av den unge spelemannen på Gibøen. Håvard hadde ikkje så mykje i mot Mari heller, sjølv om han aller helst ville hatt Aaste Ryntveit frå Sauherad. Men medgifta som følgde med Mari drog meir enn hugen Håvard hadde til Aaste, og Knut Gibøen fortalde sonen at det var Mari Eikja han skulle gifte seg med. Og slik blei det. I 1834 vigde dei to seg i Bø kyrkje. Og Mari tok med seg mykje buskap, sylv og reine pengar til Gibøen.

Det blei likevel ikkje noko lukkeleg samliv. Mari skjøna etterkvart at Håvard ikkje var så glad i henne som ho var i honom. Og han sa det òg, til ein kjenning i Tinn: *"Det æ mangt som heve gjengje meg i mot. Sò fekk eg no 'kje gifte meg som eg ville helle. Eg he' alli havt hug ti' 'a Mari"*.

Håvard og Mari veksla sjeldan ukvemsord, men Håvard var mest oppteken av andre ting enn henne – særleg fela. Også var han fæl til å feste i dagasvis og kom sjeldan heim når han lova. Dei fyrste drammane hjelpte på spelet hans, men ikkje dei neste. Han ville ha meir drikke til meir han fekk – og til slutt låg han der. Sjølv om Håvard var god arbeidskar når han fyrst tro til blei det lite av dette med honom.

Livet på Møsstrand var også noko heilt anna enn Mari var vane med frå Bø og særleg vintrane blei harde. Ho syntest samlivet blei tungt og ho blei likeglad av dette, som om alt gjorde henne det same.

Difor stelte heller ikkje ho så godt med garden etterkvart – berre sat og grov i gruva.

Det enda med at huslyden måtte flytte frå garden og dei var på vidvanke i mange år. Håvard kunne tene godt på spelinga stundom, men var ikkje flink til å passe seg og skusla som oftast bort pengane.

Han var godt lika over alt og fekk jobb på gardane han vitja rundt om i Telemark. Men det var ikkje alltid det høgde og familien Gibøen hadde mange huslause og svoltne nettar i desse ára.

Til slutt enda dei opp på Møsstrand att – fyrst i eldhuset på Gibøen og deretter på Neset – der Mari og Håvard døydde med få vikers mellomrom.

Gode Mari heldt ut med Håvard heile livet ut, trass alt. Ein gong Håvard hadde vore på speleferd og drygde lenge med å koma heim, var Mari vond. Det var visst midt i høyslåttan òg. Da fekk det vera nok, og Mari jaga Håvard på dør. Håvard tok fela og gjekk til Floketjønn. Han var der eit par dagar og på denne tida laga han ein gangar. Så tok han motet til seg og vandra heim til Mari. Håvard gjekk inn i den vesle stova på Gibøen. Han sa ingenting og ho sa heller ikkje meir. Fela kom fram og Håvard spela den nykomponerte slåttan. Mari lydde, tødde opp og sa til Håvard, når Floketjønn hadde runne ut: *”Når du har laga noko så fint som detta, så fær du vera tegjeven dennan gongen au da, Håvard”*

Slik bergja Håvard seg med denne, og han visste nok at dette var det einaste som kunne hjelpe. Mari sa nemleg at *”Eg bli’ leitt elle spelemennar, men Håvards spel bli’ eg eller leitt.”* Det var nok noko i det. Ingen kunne grøte så med fela som Håvard. Ein raulending som hadde høyrte honom, sa: *”Han kunne spela så folk gret, og kunne gråte sjølv au. Det var så det draup or fela.”*

Anbefala innspeling:

Einar Løndal: ”Løndalstonar 3” (MC. Buen Kulturverkstad 1984)

Kjelder:

- Rikard Berge: ”Håvard Gibøen” (2. opplag, Noregs boklag 1972)
- Opptak med Kjetil Løndal (1907-**1987**)